

Bømlo kommune

Rådhuset
5430 Bremnes

DERES REF: | VÅR REF:
DOKUMENTKODE: 10221436-01-PLAN-BREV-001
TILGJENGELIGHET: Åpen

Stord, 7. januar 2021

DETALJREGULERINGSPLAN FOR POSTSMOLTANLEGG 68/7 MFL. SKÅLEVIK PLANID 202007

Søknad om prinsippgodkjenning for oppstart av planarbeid

Multiconsult vil med dette på vegne av Bremnes Fryseri AS søke om prinsippgodkjenning av detaljregulering etter PBL § 12-3, for utviding av eksisterende lokalitet i Skålevik på Goddo. Utvidinga gjeld postsmoltanlegg, slik at det kan produserast meir og større fisk på land.

Planområdet omfattar heile eller deler av eigedomane gnr./bnr. 68/1, 3, 4-5, 6, 7, 8, 9, 10 og 69/1, 3, 4, 6, 9 og 1. Plangrensa er vist på vedlagt kart. Den planlagde utbygginga vil i all hovudsak gå føre seg på eigedomar som per i dag er i Bremnes Fryseri sin eige.


Bremnes Fryseri har i dag eit settefiskanlegg på gnr./bnr. 68/7, 8 og 69/4. Reguleringsplanen vil legge til rette for bygging av oppdrettsanlegg på land. Det vil truleg verte etablert fleire bygg. Det er per i dag usikkert om- og kva delar av eksisterande anlegg som vert vidareført. Det er òg uklart kor mange byggetrinn det blir snakk om. Det er planlagt utfylling i sjø, for å sikre best mogleg massebalanse, for å auke arealet på sjønivå, og for å leggje til rette for djupvasskai. Det er allereie etablert fyllingar og kaiområde i denne strandsona i dag.

Det føreligg ikkje reguleringsplan for området, og det er heller ingen reguleringsplanar i nærleiken. Gjeldande kommuneplan for Bømlo kommune viser dei aktuelle områda innanfor foreslått varslingsgrense som LNFR-spreidde bustader, reint LNFR- føremål, naustføremål, fritidsbusetnad og næringsbygningar (settefiskanlegg/fiskeoppdrett). Sjøområda i planområdet har arealføremål noverande akvakultur og noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona, samt naustføremål.

Det er gjennomført oppstartsmøte med Bømlo kommune 23.10.2020. Det vart utarbeidd planinitiativ i forkant av møtet, som omtalar premiss for planarbeidet, sjå vedlegg.

Planarbeidet er vurdert i høve *Forskrift om konsekvensutredning*, og det er vurdert at det er krav om konsekvensutreiing (KU) for reguleringsplanen. Følgande tema er planlagt greidd ut: naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, naturressursar, friluftsliv og landskap. Program for utgreiinga er vist i vedlagt planprogram som vil sendast på høyring samstundes som det vert varsla oppstart av planarbeidet.

Med venleg helsing
Multiconsult



Sarah Fagertun Eggereide

Vedlegg:

Forslag til varslingsgrense 1:1500 (A2), dagsett 25.09.2020

Referat frå oppstartsmøte med Bømlo kommune, dagsett 23.10.2020

Planinitiativ

Planprogram